

# SPRÅKPLAN

## for barnehagane og skulane i Luster kommune



*«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.»*

Rammeplanen for barnehage (Kunnskapsdepartementet, 2017)

*«Opplæringa skal sikra at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar sin språklege identitet, og at dei kan bruka språk for å tenkja, skapa mening, kommunisera og knyta band til andre. Språk gjev oss tilhøyrslø og kulturelt medvit.*

...

*Kunnskap om det språklege mangfaldet i samfunnet gjev alle elevar verdifull innsikt i ulike uttrykksformer, idear og tradisjonar. Alle elevar skal få erfara at det å kunna fleire språk er ein ressurs i skulen og i samfunnet.»*

Overordna del av læreplanverket (Kunnskapsdepartementet, 2017)



## **Innleiing**

Luster kommune har sidan hausten 2014 år hatt ein eigen kommunal leseplan for barnehage og skule. Utgangspunktet for leseplanen var at lesing er ein dugleik som skal utviklast og forbetrast gjennom heile opplæringsløpet. Det du les no er ein språkplan som også femner om skrivning som grunnleggjande ferdigheit og det å kunne uttrykkja seg munnleg.

Målgruppa for språkplanen er først og fremst tilsette i lustrabarnehagen og lustraskulen. Føremålet med språkplanen er at planen skal gje ei retning for språkopplæringa i barnehage og skule, at han skal vera eit verkty for tilsette og bidra til å kvalitetssikra språkopplæringa i barnehagen og grunnskulen i Luster.

Eit overordna mål er at alle barn og unge i Luster gjennom eit heilskapleg og samanhengande opplæringsløp frå barnehage og i grunnskulen skal utvikla god språkleg kompetanse som gjer dei rusta til å meistra kvardagen i barnehage- og skulealder og til å delta i yrkes- og samfunnsliv som aktive borgarar når dei vert vaksne.

God språkleg kompetanse skal gjera barn og unge rusta til å meistra kvardagen både i skulealder og seinare i yrkeslivet. Kunnskap om språk gjennom lesing, skrivning og munnleg kompetanse utviklar også forståing, toleranse og respekt for andre menneske sine synspunkt og perspektiv.

Lustrabarnehagen- og lustraskulen har som mål å vera inkluderande. Barnehagebarna og elevane skal trivast, oppleve tilhøyrsløp og få opplæring med høg fagleg kvalitet. Det er viktig og vesentleg at det er ein kontinuitet i språkarbeidet frå barnehage til barneskule og frå barneskule til ungdomsskule og vidare utdanningsløp.

Luster kommune har dei seinare åra delteke i fleire større satsingar der språk har vore sentralt; Ungdomstrinn i utvikling (2016–2017) med vekt på skrivning som grunnleggjande ferdigheit, den nasjonale språkkommune-satsinga (2017–2018) som inkluderte både barnehage og skule og Erasmus+-prosjektet RECEPTION (2016-2019) der hovudtemaet var kvalitet i begynnarpplæringa og overgangen barnehage-skule.

Sams målsetnad for alle desse satsingane har vore å styrka kompetansen om språk hjå dei tilsette, utvikla samarbeidet innafor barnehage og skule og mellom einingane, betra overgangane i heile utdanningsløpet. Det formelle grunnlaget for det vidare språkarbeidet i Luster vil vera rammeplanen for barnehage og Fagfornyninga, det nye læreplanverket for grunnskulen gjeldande frå skulestart 2020.

*Eg kjenner ein som bytte frå nynorsk til bokmål då han byrja på vidaregåande. I dag er han einsam, ugift, arbeidslaus, alkoholisert og ute av stand til å gjere greie for seg. Dessutan ser han ikkje ut. Luktar gjer han også. Alle eg kjenner som heldt på nynorsken då dei byrja på vidaregåande, har i dag interessante og godt betalte jobbar, mange gode vener og ekstremt stimulerande kjærleiksliv. Dessutan ser dei bra ut, alle som ein. Fine tenner har dei også. Eg berre nemner det.*  
- Are Kalvø

## **Nynorsk**

Luster og Sogn ligg i kjerneområdet for nynorsk i Noreg, og mest alle elevar i grunnskulen i Luster har nynorsk som hovudmål. Heilt sidan 1906 har nynorsk har vore offisielt opplæringsmål i grunnskulen i Luster. Skulen er den viktigaste arenaen for at nynorsk skal vera eit levande språk både regionalt og i landet elles.

Grunnlaget for å verta ein god skrivar – både på hovudmål og sidemål – er ulikt for elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med bokmål som hovudmål. Svært mykje av det elevane les og høyrer utanom skuletida, vil vera på bokmål. Sidan nynorskelevar er mindre eksponerte for hovudmålet sitt utanfor skulen enn bokmåselevar, kan nynorskelevar trengja ei anna støtte enn bokmåselevar for å meistra hovudmålet og for å oppleva språkleg tryggleik. Dette er ei språkleg utfordring alle som arbeider i barnehage og skule i Luster lyt vera medvitne om.

Arbeidet med språkutvikling og å styrkja den språklege identiteten byrjar tidleg. Det er viktig at barn i Luster allereie i barnehagen møter dialekt og nynorsk skriftspråk gjennom forteljingar, høgtlesing, rim, regler og song. I skulen skal elevane ha tilgang til eit rikt utval av nynorsk litteratur, både faglitteratur og skjønnlitteratur. Tilgang på nynorsk litteratur er eit sentralt samarbeidsområde for skulane, barnehagane og Luster bibliotek. Med det aukande omfanget av digitale læremiddel er det også viktig for lustraskulen at desse læremidla vert gjort tilgjengelege på nynorsk.

### **Ein god start – tidleg innsats**

Å gje barna ein god språkstart er ei oppgåve og eit ansvar der fleire partar spelar ei rolle; føresette, barnehage og skule, helsestasjon og PP-tenesta. Føresette har stor innverknad når det gjeld stimulering av språkutviklinga og ordtilfanget til barnet, ei språkutvikling som barnehage og skule skal følgja opp gjennom heile opplæringsløpet.

Barnehagen har eit særskilt ansvar i å observere utviklinga til barnet. Dei tilsette i barnehage og skule skal dessutan vera språklege førebilete. Helsestasjonen har faste møte og kontrollar med dei yngste barna fram til skulestart der språk er eit fast tema. I denne samanhengen er også sjekk av syn og høyrsel viktig. PP-tenesta si oppgåve er å kartleggja og rettleia når det er trong for meir spesifikke tiltak. Det er viktig med gode kontaktrutinar mellom helsestasjon, barnehage og skule. Dette samarbeidet er også formalisert gjennom kommunal rutine for overgang barnehage–skule.

Eit godt språk i tidleg alder lettar lese- og skriveutviklinga i skulen. Eit godt språk er også føresetnaden for sosialt samspel, kommunikasjon og læring. Barna skal læra seg å bruka språket kreativt gjennom å leika, utforska og eksperimentera. Å gjera barn nysgjerrige på språk, å øva opp kommunikasjonsferdigheitene og å utvikla barna si forståing av ord og omgrep er ei felles oppgåve for både barnehage og skule.

I opplæringslova var det tidlegare eit eige punkt om tidleg innsats. Frå og med 1. august 2018 er dette punktet erstatta med ei plikt for skulen om å tilby intensiv opplæring for elevar på 1.-4. trinn som ikkje fylgjer forventa progresjon i lesing, skriving eller rekning. Denne intensive opplæringa skal ta sikte på at eleven oppnår forventa progresjon innan dei tre nemnde ferdigheitene. Viss ein elev til dømes skårar under kritisk nivå på ei kartleggingsprøve, tilseier dette at eleven må følgjast opp av skulen. Generelt er det slik at det skal vera ein låg terskel for å følgja opp elevar.

## Den gode lesaren

Dei språklege kompetansane som barn utviklar frå fødselen av kan sjåast på som ein byrjande og integrert del av lese- og skriftspråkutviklinga. Den kompetansen som kanskje er av størst tyding for den tidlege lese- og skriveutviklinga, er det som kallast tidleg skriftspråkleg kompetanse. Barn tileignar seg kunnskap om skrift lenge før den formelle språkopplæringa byrjar i skulen. Alle aktivitetar som gjer at barnet sjølv interesserer seg for bøker og skrift, bidreg til å utvikla ein tidleg skriftspråkleg kompetanse.

Å læra å lesa dreier seg mykje om å oppdaga at bokstavane representerer lydar, å skjønna at det ein seier har eit visuelt uttrykk i skrift og å kunna avkoda desse uttrykka. Det dreier seg om å kunne identifisera bokstavane (grafema) som representantar for lydar i talespråket og setja dei saman til ord, som igjen dannar setningar som uttrykkjer meining. Dette kallast ofte den tekniske sida ved lesing. For å forstå kva bokstavane symboliserer må lesaren ha fonologisk medvit, det vil seia å kunna skilja bokstavane ut som representantar for lydar i talespråket. Når barna greier å stava seg gjennom ord og setningar seier me ofte at dei har knekt lesekode. Denne fyrste leseopplæringa er grunnlaget for god ordavkoding, leseflyt og forståing.

Den andre leseopplæringa startar når lesing i langt større grad vert ein reiskap for læring. Både i skulen og i samfunnet elles er det ei auka forventing om at elevane no skal bruka lesing som ei stadig meir vesentleg kjelde til læring. God leseforståing er avgjerande for å kunna læra av å lesa og for å ha ei god leseoppleving. Leseforståinga er altså målet for lesinga, avkodingsdugleiken er middelet.

$$\text{lesing} = \frac{\text{avkoding} \times \text{forståing}}{\text{motivasjon}}$$

Etter læreplanverket er lesing ein grunnleggande ferdigheit som skal integrerast i alle fag. Alle lærarar er derfor ansvarlege for leseopplæringa i sine fag og for at elevane tileignar seg fagspråket i dei respektive faga. Til kvart fag er det utarbeidd ei skildring av kva lesing i faget er. Allereie i begynnaropplæringa handlar det å lesa om å kunna forstå, bruka og reflektera over og engasjera seg i tekstar.

Leseopplæringa må fokusera på dei ulike ferdigheitsområda som vert nytta før, under og etter lesing. Det er avgjerande at dei tilsette modellerer lesestrategiar for elevane slik at elevane etter mykje øving og bruk kan automatisera strategiane. Opplæring i lesing skal også stimulera lyst og evne til å lesa. Det betyr at elevane skal lesa ulike tekstar for både å læra og å oppleve.

Nokre typiske kjenneteikn på ein god lesar er at han er aktiv, målretta og sjølvstendig. Han gjer bruk av bakgrunnskunnskapen sin, brukar konteksten for å forstå nye ord og uttrykk og lukkast grunna innsats. Den gode lesaren må dessutan verta lært opp til å vurdera kritisk kjeldene han les.

Barna skal ha trygg kjennskap til symbola i skriftspråket og skal kunne konstruera meining utifrå desse. Når det gjeld lesing som grunnleggjande ferdigheit er det definert ulike ferdigheitsområde, og desse ferdigheitsområda samsvarar i stor grad med nivåa av leseforståing som vert testa i nasjonal prøve i lesing:

<i>Nivå 1 – finna</i>	<i>Evne til å henta ut informasjon frå tekst</i>
<i>Nivå 2 – tolka</i>	<i>Tolka og samanlikna informasjon</i>
<i>Nivå 3 – reflektera</i>	<i>Vurdera og reflektera over form og innhald</i>

For at leseferdigheiten skal utvikla seg, må elevane verta i stand til å sjå at språket ikkje berre har eit *innhald*, altså betydinga av det som står i teksten, men også at språket har ei *form* og ein *bruk*. Med *form* meiner me strukturane i tale – og skriftspråket, til dømes sjangertrekk, setningsbygnad, rettskriving, rytme og rim, fyrstelyd og liknande. God ord- og omgrepsforståing må til for å meistra dette. Med *bruk* meiner me språket sin kommunikative funksjon, korleis me snakkar med kvarandre og brukar språket på ulike måtar. Denne munnlege kompetansen har betydning for lese- og skriveferdigheitene. Dei tre dimensjonane *innhald*, *form* og *bruk* er alltid i tett samspel med kvarandre.

### **Den gode skrivaren**

Den første leseopplæringa og den første skriveopplæringa er på mange måtar to sider av same sak. Til liks med den første leseopplæringa er lek, eksperimentering og oppdaging sentrale arbeidsmåtar også i den første skriveopplæringa. Den første skriveopplæringa i skulen byggjer også på den skriftspråkestimuleringa som har vore gjennomført i barnehagen.

I skulen er skriving ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Skriving i dei fyrste skuleåra har stor betydning for seinare skriveutvikling. Skriving skal vera ein reiskap for utvikling av kompetanse og læring i alle fag gjennom heile skuleløpet. I tillegg er skriving ein måte å strukturera egne tankar på. Gjennom lesing og skriving skal i faget skal elevane verta kjende med både fagspråk og kva som er typiske sjangrar og teksttypar i dei ulike faga. Dette gjer at den einskilde faglærer også er skrivelærer i sitt fag.

For at elevane i lustraskulen skal utvikla seg til å verta gode skrivarar er det viktig at dei tilsette deltek aktivt som språkmodellar og leiar gode læringsprosessar både i barnehage og skule. I ei god skriveopplæring bør det leggjast opp til mykje skrivning i alle fag og på faga sine egne premiss. Det er viktig å leggja vekt på heile skriveprosessen, det vil seia frå førskrivingsfasen og fram til publisering. Det er også viktig at tekstane kjennest relevante for elevane. Å skriva for ein såkalla autentisk lesar, eit publikum, er med på å skapa motivasjon for skrivning. For å auka motivasjonen tyder også forskning på at ein i større grad bør vektleggja meir opne skriveoppgåver i skulen framfor utfyllingsoppgåver og bokstavøvingar. Dette er viktig allereie frå tidleg alder og slik friskrivning kan til dømes stimulerast i begynnaropplæringa gjennom metoden skrivning til lesing (STL).


Ei eksplisitt skriveopplæring dreier seg om å støtta borna si skrivning gjennom modellering, lesing av modelltekstar, samskriving og gjennom å gi tydelege råmer for tekstane dei skal skriva. Samstundes er det viktig å gi borna respons medan dei skriv. Gjennom språkkommunearbeidet blir det jobba systematisk og målretta med skrivning i alle fag i Luster. Språkløyper og Ungdomstrinn i utvikling gjev kompetanseheving og set skriveopplæringa i system gjennom heile utdanningsløpet. Ei systematisk skriveopplæring i faga gjennom skuleløpet vil gje ein god læringskultur og eit godt læringsfellesskap. Forsking peikar på ein tydeleg samanheng mellom gode skriveferdigheiter og gode leseferdigheiter.

### **Gode munnlege ferdigheiter**

Det er viktig å oppmoda alle born til å vera munnleg aktive, bruka nye ord og uttrykk, vera nysgjerrige på det munnlege språket, og munnleg formidla ny kunnskap. Eit godt utvikla språk er ein føresetnad for å fungera i samfunnet. Å utvida vokabularet til eit funksjonelt språk betyr betra livsmeistring. Dette fordrar at dei vaksne på alle alderstrinn legg til rette for at borna og elevane tidleg får gode rutinar på å snakke saman. Elevane skal læra seg å samtala om skjønnlitterære så vel som faglege tekstar, fortelja samanhengande om det dei har opplevd og å bruka språket for å undre seg over det dei møter.

Eit godt utvikla språk er også viktig for å etablere gode sosiale relasjonar. I undervisninga kan ein til dømes leggja vinn på å stilla opne spørsmål til borna, det vil seia gode spørsmål der det ikkje berre er eitt fasitsvar og der det er behov for å grunngje og argumentera. Dette inneber også at born i alle aldrar skal få trening i å bli gode lyttarar. Born må frå tidleg alder øvast opp i ulike sjangrar, framføra ymse budskap for publikum og lære seg ulikt språk til ulike målgrupper. Ein lærar bør i liten grad vera ein formidlar med elevar som passivt tek i mot. Eit dialogisk samspel skal etterstrebast. Ein hugsar lite av det ein høyrer og desto meir blir forstått når borna sjølve får bruka språket i møte med ny kunnskap.





### Minoritetsspråklege elevar

Dei seinare åra har det i Luster vore ein auke i tal på elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskilt norskopplæring. Med minoritetsspråklege elevar meiner me born og unge som har anna morsmål enn norsk. Morsmål er språket som vert snakka i heimen av ein eller begge foreldre. Elevane kan difor ha to morsmål. Det er viktig å få på plass tydelegare undervisningsrutinar knytt til norsk som andrespråk og å heva kompetansen blant dei tilsette innan dette området.

Det er vesentleg at den språklege og kulturelle bakgrunnen til desse elevane vert anerkjent. Deira erfaring og ferdigheit er ein viktig ressurs i eiga læring. Det er også viktig å ikkje sjå dette arbeidet separat frå resten av undervisninga. Eit større fokus på opplæring innan ord og omgrep, meir elevaktive arbeidsformer og eit dialogisk klasserom vil auka språkdugleiken både til elevar som har norsk som morsmål og til dei som har norsk som andrespråk.

## **Dei som strevar**

Forsking visar at dei som har språklege utfordringar, også går glipp av sosial erfaring, som igjen er viktig for språkutviklinga. Leiken er den viktigaste arenaen for barn si sosiale utvikling. Dette arbeidet startar allereie det fyrste leveåret. Dårleg leseutvikling startar tidleg og blir ofte varig. Å kunne setja inn raske tiltak for desse borna er difor viktig, organiseringa av desse må vere slik at dei er tilstrekkeleg intensive og er kontinuerlege

Vanskar med språk har ofte ei langsam utvikling, til tross for kvalifisert støtte og stor eigeninnsats. Vanskane kan få mindre konsekvensar ved førebyggjande arbeid og god begynnarpplæring. Uansett om det er snakk om forsinka språkutvikling eller ei form for språkvanske, er tidleg innsats gjennom systematiske språkstimuleringstiltak det viktigaste pedagogiske verkemiddelet.

Tidleg innsats handlar om å gje hjelp så tidleg som mogleg når vanskar oppstår. Med tidleg innsats kan me førebyggje lærevanskar og legge til rette for god utvikling. Såleis unngår me at vanskar vert unødvendig store, eller at det oppstår tilleggsvanskar. Tidleg innsats er som nemnt i innleiinga no lovfesta. Barnehage og skule skal ha eit tett samarbeid med PPT.

### *Dysleksi*

Dysleksi er ein lese- og skrivevanske som betyr å ha vanskar med å avkode ord. Tre til fem prosent av elevane i grunnskulen har dysleksi. Desse elevane strevar med å oppfatte og skilje språklydane frå kvarandre, dei har ein mangelfull fonologisk komponent i språket. Dei må få ekstra trening for å automatisere element som forstavingar, endingar, høgfrekvente ord og komplekse grafem. Dei må òg få tilgang til digitale hjelpemiddel.


### *Språkvanskar*

Viss ein språkvanske er vedvarande, og ikkje er forventa ut ifrå barnet si øvrige utvikling, kan det dreia seg om ein spesifikk språkvanske. Desse elevane har spesielt vanskeleg for å tileigna seg ord og omgrep. Vanskane kan opptre på ulike område: reseptive vanskar (vanskar med å forstå språk), ekspressive vanskar (vanskar med uttale) og pragmatiske vanskar (vanskar med å bruke språk). Desse områda heng tett saman, og overlappar kvarandre. Elevane kan også ha utfordringar sosialt, då kommunikasjon kan vera vanskeleg. I tillegg til tidleg tilpassa opplæring, treng dei støtte i lek, i samvær med andre og i å oppleva meistring.

## **IKT**

Utviklinga innan IKT har endra premissane for både lesing, skrivning og munnlege ferdigheiter, og det gir rom for nye læringsprosessar og metodar. Bruk av digital teknologi i lese- og skriveopplæringa kan gi støtte i læringssituasjonen på mange ulike måtar. Med pedagogisk bruk av IKT kan teknologien hjelpa elevar med alt frå å knekke lesekode til å bruke lesing og skrivning i kunnskapstileigning. Barnehagane skal førebu borna i digitale ferdigheiter ved at borna blir kjend med tastatur og mus gjennom å leike og ta i bruk passende verkty.

Digitale hjelpemiddel er verkty i lese- og skriveopplæringa for alle, og i tillegg gir dette rom for inkludering og tilpassing. For elevar som strevar med språkutviklinga gir bruken av teknologi moglegheit til å tette gapet mellom lese- og skrivenivået deira og kravet frå omgjevnadane. Dette krev at det blir lagt til rette for alternative tilnærmingar for å tileigne seg informasjon og kunnskap som til dømes lesing på skjerm, bruk av talesynteser, lydbøker og anna programvare som kan gi lese- og skrivestøtte. Opplæring i Touch-metoden har også vist seg å ha god effekt. Bruk av digitale verkty kan også vere ein betydeleg motivasjon for born i lese- og skriveopplæringa.



## Barnehage

Ferdighet:	Kjenneteikn på god praksis:
Den gode lesaren	<p><b>Dei vaksne</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>✓ legg til rette for varierte og alderstilpassa leseaktivitetar, til dømes lesegrupper og dialogisk lesing</li><li>✓ gjev jamleg barna felles leseopplevingar gjennom høgtlesing og samtalar om teksten</li><li>✓ varierer mellom spontane og planlagde / tilrettelagde høgtlesingsstunder. For å styrka den språklege identiteten bør høgtlesinga vanlegvis vera på dialekt eller nynorsk</li><li>✓ syt for at alle barn jamleg vert lesne for</li></ul> <p><b>Barna</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>✓ har lett tilgang til bøker og andre tekstar</li><li>✓ opplever glede av å verta lesne for og å sjå i bøker på eiga hand</li><li>✓ får erfaring med lesing i ulike former og på ulike arenaer</li></ul>
Den gode skrivaren	<p><b>Dei vaksne</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>✓ legg til rette for ulike typar leik – frileik og styrt leik – og pedagogiske aktivitetar der skrift inngår som ein naturleg del av leiken eller aktiviteten</li><li>✓ oppmuntrar barn til skriving og tekstskaping på deira nivå. Det kan vera både med blyant og papir eller gjennom skriving på datamaskin og utskrift av tekst</li><li>✓ synleggjer skrift for barna i det fysiske rommet gjennom bokstavar, alfabetet, namn på objekt og namn på barna og dei tilsette, korte tekstar og teikningar</li></ul> <p><b>Barna</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>✓ har lett tilgang skrivereiskap, tastatur og papir</li><li>✓ får øva skriveteknikk og blyantgrep</li><li>✓ får kjennskap til skrivinga si funksjon</li></ul>

<p>Gode munnlege språkferdigheiter</p>	<p><b>Dei vaksne</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ er medvitne at dei er språklege førebilete i kommunikasjonen sin med barna</li> <li>✓ legg til rette for eit rikt språkmiljø der leiken og språket får utfalda seg på varierte måtar</li> <li>✓ nyttar språket aktivt og alderstilpassa både i kvardagssamtalen og i planlagde aktivitetar</li> <li>✓ set namn på objekt medvite i daglege situasjonar og fyller omgrepa med innhald</li> <li>✓ nyttar konkretar i innlæringa av omgrep</li> <li>✓ nyttar rim, reglar og songar jamleg for å stimulera leik og språkleg medvit. For å styrka den språklege identiteten bør brorparten av rima, reglene og songane vera på dialekt eller nynorsk</li> <li>✓ hjelper barna til språkleg medvit gjennom å klappa stavingar og å visa samanhengen mellom bokstavlyd og bokstavnamn</li> </ul> <p><b>Barna</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ medverkar aktivt i språkmiljøet i barnehagen</li> <li>✓ nyttar språket til å setja ord på kjensler, opplevingar og ønske</li> <li>✓ har tilgang til ulike typar leiker og leikemateriell som stimulerer til bruk av språket</li> <li>✓ opplever eit variert leikemiljø</li> <li>✓ erfarer at språkleikar er ein integrert og jamleg del av kvardagen</li> <li>✓ med minoritetsspråkleg bakgrunn opplever at morsmålet deira vert verdsett</li> </ul>
<p>Dei som strevar</p>	<p><b>Dei vaksne</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ har god kunnskap om språkutviklinga hjå det einskilde barnet</li> <li>✓ kartlegg, observerer og set tidleg i gang tiltak når det er naudsynt. Døme på kartleggingsverktøy er TRAS og Alle med</li> <li>✓ organiserer aktivitetar som er tilpassa både alder og språknivå,</li> <li>✓ har dialog med føresette / helsestasjonen om språkutviklinga til barnet / barna i barnehagen</li> <li>✓ organiserer konkrete tiltak i samarbeid med PP-tenesta</li> </ul>

## 1. og 2 .trinn:

Ferdighet:	Kjenneteikn på god praksis:
Den gode lesaren	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ gjennomfører rask bokstavprogresjon i fyrsteklasse, minimum to bokstavar i veka</li> <li>✓ lærer elevane ulike lesemåtar</li> <li>✓ nyttar leselogg</li> <li>✓ har god dialog med heimen om leseopplæringa m.a. ved å ha ein eigen utviklingssamtale om lesing hausten i 1. trinn</li> <li>✓ les høgt ulike sjangrar for å modellera og vekka interesse</li> <li>✓ legg vekt på tekstar og bøker på nynorsk</li> <li>✓ arbeider systematisk for at elevane skal utvikla ordtilfanget sitt</li> <li>✓ aktiverer elevane sin førehandskunnskap</li> <li>✓ nyttar rettleia lesing og repetert lesing som arbeidsmåtar</li> <li>✓ gjennomfører leseprosjekt og leseveker til faste tider gjennom året</li> </ul> <p><b>Eleven</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ brukar strategiane tankekart, overskrift og bilete (BO) aktivt (sjå vedlegg)</li> <li>✓ les dagleg og får faste leselekser på tilpassa nivå</li> <li>✓ brukar skulebiblioteket jamleg</li> <li>✓ les tekstar på papir, skjerm og brett</li> </ul>
Den gode skrivaren	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ legg til rette for oppdagande skrivning, frie skriveoppgåver, språkleik og variasjon</li> <li>✓ modellerer ulike sjangrar innan skrivning</li> <li>✓ nyttar skriveråmer og gir tydelege kriterium både når det gjeld sjanger og vurdering</li> </ul> <p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ nyttar datamaskin til å skriva enkle tekstar (STL+)</li> <li>✓ skal kunne kjenna att og skriva bokstavar på datamaskin eller med blyant</li> <li>✓ skal få skriva tekstar på sitt nivå heilt frå starten</li> <li>✓ skal få erfara nytteverdien av skrivning</li> <li>✓ skriv om eigne opplevingar og tankar fast gjennom året, til dømes i loggbok</li> <li>✓ fylgjer enkle rettskrivingsreglar utan at det går ut over skrivegleda</li> </ul>

Gode munnlege språkferdigheiter	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ legg til rette for dagleg dialog og samtale, til dømes gjennom bruk av læringspartnar</li> <li>✓ brukar fagspråk i samtale om ord, uttrykk og tekstar for å auka det språklege medvitet hjå elevane</li> </ul> <p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ er munnlege aktive dagleg</li> <li>✓ kan attfortelja det dei har opplevd eller det dei har lese</li> <li>✓ nyttar og prøver ut nye ord for å utvida ordtilfang</li> <li>✓ lærer seg å argumentera for ei sak eller for eit syn</li> </ul>
Dei som strevar	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ har god kunnskap om språkutviklinga hjå den einkilde eleven</li> <li>✓ kartlegg, observerer og set tidleg i gang tiltak når det er naudsynt, jf. plikt om intensiv opplæring. Dei sentrale kartleggingsverktøya er Udir sine kartleggingsprøvar. Døme på verktøy er Aski Raski, Relemo, lesekurs(Vigdis Refsahl), tilpassa tekst, Arbeid med ord</li> <li>✓ har dialog med føresette om språkutviklinga til eleven</li> <li>✓ organiserer konkrete tiltak i samarbeid med PP-tenesta.</li> </ul>

### 3.-4.trinn:

<b>Mål/ferdigheit:</b>	<b>Kjenneteikn på god praksis:</b>
Den gode lesaren	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ synleggjer orda sitt innhald, forma og bruk i arbeid med tekstar</li> <li>✓ legg vekt på ulike omgrep i tekstar, både akademiske ord, fagspesifikke ord og uttrykk</li> <li>✓ modellerer lesestrategiar (sjå vedlegg) for elevane og lærer elevane å ta desse i bruk</li> <li>✓ gjev barna jamleg felles leseopplevingar gjennom høgtlesing og samtalar om teksten</li> <li>✓ legg til rette for dagleg lesing</li> <li>✓ hjelper elevane til å finna passande tekst (til dømes gjennom bruk av knyttneveregelen)</li> <li>✓ kartlegg, observerer og set tidleg i gang tiltak når det er naudsynt</li> </ul>

	<p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ skal lese ulike typar tekstar, skjønnlitterære-, fag- og samansette tekstar</li> <li>✓ nyttar ulike lesemåtar som å lese for å lære, bli underheldt. Døme på lese måtar er skumlesing, leitelesing og nærlesing.</li> <li>✓ får leseoppdrag eller skriv leselogg</li> <li>✓ nyttar høgtlesing som metode, til dømes lese for læraren og ved parlesing.</li> <li>✓ skal nytte digitale hjelpemiddel som støtte i lesinga, til dømes lydbøker, appar. (Sjå IKT plan)</li> <li>✓ får leselekser kvar dag</li> <li>✓ les kvar dag</li> <li>✓ nyttar eigenvurdering i eigen leseutvikling</li> <li>✓ har god tilgang på bøker i skulen</li> <li>✓ får besøka biblioteket jamleg, der dei får nye boktips og har tilgang til nynorsk litteratur.</li> <li>✓ har leseprosjekt og leseveker til fastsette tider gjennom skuleåret. Desse kan ha felles tema eller forfattar.</li> </ul>
Den gode skrivaren	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ lærer elevane rettskriving som ein del av skriveopplæringa</li> <li>✓ gjev elevane eksplisitt skriveopplæring</li> <li>✓ modellerer og gir skriveråmer,</li> <li>✓ nyttar skrivetrekanten/ skrivehjulet (innhald, form og formål med teksten) i planlegginga av skriveopplæringa</li> <li>✓ gir munnlege tilbakemeldingar og undervegsvurdering i elevtekstane</li> </ul> <p><b>Eleven</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ skriv om egne opplevingar og tankar fast gjennom året, til dømes i loggbok</li> <li>✓ produserer tekstar og ser nytten av skriving.</li> <li>✓ skriv tekstar i alle fag.</li> <li>✓ øver seg i prosessorientert skriving og elevrespons</li> <li>✓ Brukar digitale hjelpemiddel, STL+, CD-ord, stavekontroll, Office 365- samskriving.</li> <li>✓ øver seg i handskrift, skriving på tastatur og touchmetoden</li> </ul>



<p>Gode munnlege språkferdigheiter</p>	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ legg til rette for dagleg dialog og samtale, til dømes gjennom bruk av læringspartner</li> <li>✓ brukar fagspråk i samtale om ord, uttrykk og tekstar for å auka det språklege medvitnet hjå elevane</li> </ul> <p><b>Eleven</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ øver seg jamleg på attforteljning</li> <li>✓ skal øva seg på å gi medelevar tilbakemeldingar og framovermeldingar</li> <li>✓ skal læra seg å argumentere for ei sak</li> <li>✓ skal øva seg på å delta i ein diskusjon</li> <li>✓ deltek i klassesamtalar</li> </ul>
<p>Dei som strevar</p>	<p><b>Læraren:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ har god kunnskap om språkutviklinga hjå det einskilde barnet</li> <li>✓ kartlegg, observerer og set tidleg i gang tiltak når det er naudsynt Dei sentrale kartleggingsverktøya er Udir sine kartleggingsprøvar. Døme på verktøy er Aski Raski, Relemo, lesekurs(Vigdis Refsahl), tilpassa tekst, Arbeid med ord, Touchmetoden</li> <li>✓ organiserer aktivitetar som er tilpassa både alder og språknivå</li> <li>✓ har dialog med føresette om språkutviklinga til eleven</li> <li>✓ organiserer konkrete tiltak i samarbeid med PP-tenesta</li> </ul>

### 5.-7.trinn:

<b>Mål/ferdigheit:</b>	<b>Kjenneteikn på god praksis:</b>
<p>Den gode lesaren</p> <p><b>Leseopplæring:</b></p> <p><b>Leselyst:</b></p>	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ legg vekt på ulike omgrep i tekstar, både akademiske ord, fagspesifikke ord og uttrykk.</li> <li>✓ modellerer lesestrategiar (sjå vedlegg) for elevane og lærer elevane å ta desse i bruk</li> <li>✓ synleggjer orda sitt innhald, forma og bruk i arbeid med tekstar</li> <li>✓ jamleg gjev borna felles leseopplevingar gjennom høgtlesing og samtalar om teksten</li> <li>✓ hjelper elevane til å finna passande tekst til dømes gjennom bruk av knyttneveregelen)</li> <li>✓ kartlegg, observerer og set tidleg i gang tiltak når det er naudsynt</li> <li>✓ legg til rette for å lese og tolke ulike typar tekstar</li> </ul>

	<p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ får leseoppdrag, eller skriv leselogg</li> <li>✓ nyttar høgtlesing som metode, til dømes lese for læraren og ved parlesing.</li> <li>✓ nyttar ulike lesemåtar som å lese for å lære, bli underheldt. Døme på lesemåtar er skumlesing, leitelesing og nærlesing.</li> <li>✓ skal lese ulike typar tekstar, skjønnlitterære-, fag- og samansette tekstar</li> <li>✓ skal kunna velja seg og bruka høveleg lesestrategi</li> <li>✓ nyttar digitale hjelpemiddel som støtte i lesinga, til dømes lydbøker, appar. (Sjå IKT plan)</li> <li>✓ får leselekser kvar dag</li> <li>✓ les kvar dag</li> <li>✓ nyttar eigenvurdering som eit verktøy og korrigerer seg sjølve</li> <li>✓ har lett og god tilgang på bøker i skulen</li> <li>✓ får besøka biblioteket jamleg, der dei får nye boktips og har tilgang til nynorsk litteratur.</li> <li>✓ har leseprosjekt og leseveker til fastsette tider gjennom skuleåret. Desse kan ha felles tema eller forfattar.</li> </ul>
Den gode skrivaren	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ lærer elevane rettskriving som ein del av skriveopplæringa</li> <li>✓ gjev elevane eksplisitt skriveopplæring</li> <li>✓ modellerer og gir skriveråmer,</li> <li>✓ nyttar skrivetrekanten/ skrivehjulet (innhald, form og formål med teksten) i planlegginga av skriveopplæringa</li> <li>✓ gir munnlege tilbakemeldingar og undervegsvurdering</li> <li>✓ legg til rette for tverrfaglege skriveprosjekt.</li> </ul> <p><b>Eleven</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ skriv om eigne opplevingar og tankar fast gjennom året, til dømes i loggbok</li> <li>✓ produserer tekstar og ser nytten av skrivning.</li> <li>✓ skriv tekstar i alle fag.</li> <li>✓ øver seg i prosessorientert skrivning, og å gje elevrespons</li> <li>✓ brukar digitale hjelpemiddel, CD-ord, stavekontroll, Office 365- samskriving.</li> <li>✓ øver seg i handskrift, skrivning på tastatur og touchmetoden</li> </ul>

<p>Gode munnlege språkferdigheiter</p>	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ skal leggje til rette for dagleg dialog og samtale, til dømes gjennom bruk av læringspartner</li> <li>✓ brukar fagspråk i samtale om ord, uttrykk og tekstar for å auka det språklege medvitnet hjå elevane</li> </ul> <p><b>Eleven</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ øver seg jamleg på attforteljing</li> <li>✓ skal øva seg på å gi medelevar tilbakemeldingar og framovermeldingar</li> <li>✓ skal læra seg å argumentere for ei sak</li> <li>✓ skal øva seg på å delta i ein diskusjon</li> <li>✓ deltek i klassesamtalar</li> </ul>
<p>Dei som strevar</p>	<p><b>Læraren:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ har god kunnskap om språkutviklinga hjå det einskilde barnet</li> <li>✓ kartlegg, observerer og set tidleg i gang tiltak når det er naudsynt Dei sentrale kartleggingsverktøya er Udir sine kartleggingsprøvar. Døme på verktøy er Aski Raski, Relemo, lesekurs(Vigdis Refsahl), tilpassa tekst, Arbeid med ord, Touchmetoden</li> <li>✓ organiserer aktivitetar som er tilpassa både alder og språknivå</li> <li>✓ har dialog med føresette om språkutviklinga til eleven</li> <li>✓ organiserer konkrete tiltak i samarbeid med PP-tenesta</li> </ul>

## 8.-10.trinn

Ferdigheiter	Kjenneteikn på god praksis :
<p>Den gode lesaren</p> <p><b>Leseopplæring:</b></p>	<p><b>Læraren</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>✓ legg til rette for lesing med ulike formål: høgtlesing individuelt og i par/grupper.</li><li>✓ legg vekt på ulike omgrep i tekstar, både akademiske ord, fagspesifikke ord og uttrykk</li><li>✓ nyttar ulike tekstar slik at elevane vert kjend med dei ulike sjangrane</li><li>✓ les høgt for å gi elevane ei felles oppleving</li><li>✓ gir elevane erfaring i ulike lesemåtar, til dømes å lese for å lære, bli underheldt, skum,- leite,- og nærlese.</li><li>✓ fylgjer kartleggingsplanen for lesing, observerer og eventuelt set inn tiltak.</li><li>✓ gjennomfører leseprosjekt med til dømes felles tema eller forfattar. (Txt-aksjonen, foreningen Les, Fylkesbiblioteket sine ressursar)</li></ul> <p><b>Eleven</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>✓ får ulike leseoppdrag, og/eller skriv leselogg.</li><li>✓ les høgt i par/grupper, lesestafett kan nyttast som metode</li><li>✓ nyttar stillelesing</li><li>✓ les ulike typar tekstar, skjønnlitterære, fagtekstar og samansette tekst</li><li>✓ får erfaring med ulike læringsstrategiar</li><li>✓ besøker skulebiblioteket jamleg, der dei får nye boktips, tilgang til nynorsk litteratur og opplever leseglede.</li><li>✓ får leselekser i ulike fag</li><li>✓ skal nytte digitale hjelpemiddel som støtte i lesinga, til dømes lydbøker og appar. (Sjå IKT plan)</li></ul>
<p>Den gode skrivaren</p>	<p><b>Lærar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>✓ nyttar skrivetrekanten/ skrivehjulet - innhald, form og formål med teksten - i planlegginga av skriveopplæringa</li><li>✓ legg til rette for skrivetrening i alle fag, som grunnleggande ferdigheit og på faga sine premissar</li><li>✓ gir elevane rettskriving som ein del av skriveopplæringa</li><li>✓ gjennomfører eksplisitt skriveopplæring gjennom å nytte modellering og skriveråmer, ha fokus på innhald, form og formål med teksten.</li><li>✓ gir munnlege tilbakemeldingar og undervegsvurdering</li><li>✓ legg til rette for tverrfaglege skriveprosjekt</li></ul>

	<p><b>Eleven:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ referera, oppsummera og reflektera over innhaldet i eigen og andre sine tekstar.</li> <li>✓ skal jobba systematisk med dei ulike fasane i skriveprosessen; Førskrivingsfasen, idéfase, revisjonsfasen og slutfasen.</li> <li>✓ skal jobbe med generell tekstproduksjon ut frå ei oppgåvebestilling tilpassa formål og mottakar.</li> <li>✓ øver seg i prosessorientert skrivning, gi/få elevrespons, ta i mot undervegsvurdering og jobbe vidare med dette i eigen tekst.</li> <li>✓ nyttar digitale hjelpemiddel, Office 365- samskriving</li> <li>✓ øver på kritisk bruk av kjelder, kjenne til opphavsrett og kjeldebruk</li> </ul>
<p><b>Gode munnlege språkferdigheiter</b></p>	<p><b>Lærer:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ presentere fagstoff tilpassa formål og fakta</li> <li>✓ gjennomføra litterære samtalar til dømes i større og mindre grupper, og med læringspartnar</li> <li>✓ brukar fagspråk i samtale om ord, uttrykk og tekstar for å auka det språklege medvitnet hjå elevane</li> <li>✓ gje konstruktive tilbakemeldingar og framovermeldingar.</li> </ul> <p><b>Eleven:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ er medvitne stemmebruk og kroppsspråk i presentasjonar</li> <li>✓ nyttar dialog og samtale i samband med lesing og lytting til tekst.</li> <li>✓ øver set på å gi respons til kvarandre</li> <li>✓ øver seg på å attfortelja</li> <li>✓ øver seg på å uttrykke og grunngje eigne standpunkt</li> <li>✓ skal lytte til- og vidareutvikla innspel frå andre, samt kunne skilje mellom meining og fakta</li> </ul>
<p><b>Dei som strevar</b></p>	<p><b>Lærer:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ har god kunnskap om språkutviklinga hjå det einskilde barnet</li> <li>✓ kartlegg, observerer og set tidleg i gang tiltak når det er naudsynt Dei sentrale kartleggingsverktøya er Udir sine kartleggingsprøvar. Døme på verktøy er Aski Raski, Relemo, lesekurs (jf. kursing med Vigdis Refsahl) og tilpassa tekst</li> <li>✓ organiserer aktivitetar som er tilpassa både alder og språknivå</li> <li>✓ har dialog med føresette om språkutviklinga til eleven</li> <li>✓ organiserer konkrete tiltak i samarbeid med PP-tenesta</li> </ul>

## **Kjelder**

[www.udir.no](http://www.udir.no)

Solveig Alma Halaas Luster(2012), Elever med lese- og skrivevansker

Astrid Roe(2014), Lesedidaktikk- etter den første leseopplæringen

Benthe Kolberg Jansson og Hilde Traavik(2014), Norsk boka 2

Ingvar Lundberg og Katarine Herrlin(2015), God leseutvikling

Engen og Helgevold(2010), Fagbok i bruk

Øystein Anmarksrud og Vigids Refsahl, (2010) Gode lesestrategier,

Ødegård Olsen og Aasland, Læringspartner, (2018) Pedlex

[Lesesenteret.no](http://Lesesenteret.no)

[Skrivesenteret.no](http://Skrivesenteret.no)

[www.statped.no](http://www.statped.no)

# Ordliste

**Parlesing:** Lese for kvarandre to og to, skifte på kven som les

**Knyttneveregelen:** Vel ei bok, eleven les på ei side i boka, bøyg ein finger når eit ord er vanskeleg å lesa eller forstå. Har du bøygd heile handa før sida er ferdig; prøv ei side til, finne ei lettare bok.

**Akademiske ord:** Ord som går på tvers av fag, t.d framand, redusera, minst o.l

**Vanlege ord:** Ord som vert nytta mykje og ofte, t.d eg, ikkje, skal, som

**Fagspesifikke ord:** Ord som er knytta til eit spesifikt fag, t.d fotosyntesen, demokrati

**Uttrykk:** Fleire ord som er satt saman slik at det gir ei spesifikk tyding. T.d. det var nære på, slik kan det gå, det ligg i lufta

**Læringsstrategi:** Læringsstrategiar er framgangsmåtar elevane brukar for å organisera si eiga læring. Det er strategiar for å planleggja, gjennomføra og vurdera eige arbeid.

**Proessorientert skrivning:** Skrivning som prosess med fasane; Før- skrivning, idemyldring,skrive utkast ( gjerne flere), respons, revisjon og presentasjon

**Modellering:** Vise elevane gode døme på det dei skal meistra. T.d lese gode elevtekstar, før dei skriv sjølve.

**Eksplisitt skriveopplæring:** målretta skriveoppgåver, gode råmer for skriveprosessen og nytte skrivning i fagleg relevante samanhengar.

**Skriveråmer:** Støttestrukturar som synleggjer for elevane korleis den ferdige teksten kan/skal sjå ut

**Skrivehjulet:** Verktøy/formel som forklarar føremålet med skriveoppgåva, sjå vedlegg

**Dialogisk klasserom:** Klassesamtale med gjensidig og støttande samtalekultur

**Læringspartnar:** Metode der elevane arbeidar saman i par med føremål om å auke eige og medeleven sitt læringsutbytte. I tillegg er det er eit verkty for å bidra til meir munnleg aktive elevar.

**Skumlesing:** Lesing på “høggir”, ein les ikkje nøye, men let auga gli raskt nedover sida. Lese overskrifter, utheva ord, for å finne ut kva teksten handlar om.

**Leitelesing:** Ein funksjonell strategi for å finne fram i t.d busstabell. Leite med auge og finger for å finne akkurat det ein er på jakt etter.

**Nærlesing:** Lese heile teksten. Sjå på overskrifter, illustrasjonar (BISON) før ein set i gang med nærlesinga

**Litterær samtale:** Klassesamtalar eller gruppesamtalar som uttrykkjer leseerfaringar, og har som føremål å undersøka litterære tekstar med utgangspunkt i disse. Kan auge engasjementet for lesinga.

**Skrivefase, før – under – etter:** Skriveprosessen vert delt inn i fasar. Før ein skriv, under skrivinga og etter at teksten er ferdig.

**Lesegrupper:** Ei mindre gruppe les same tekst og snakkar om det dei har lese

**Dialogisk lesing:** Lesemetode/reiskap for å utvikla borna sitt språk og vokabular. Teksten vert lesen og snakka om fleire gonger, nokre av orda i teksten vert arbeida grundig med.

**Rettleia lesing:** Metode/verktøy for å øva opp elevane til å bli sjølvstendige og kritiske lesarar. Leseøkta har eit klart mål, ein del av ein tekst vert snakka grundig om, stilt spørsmål rundt. Det vert snakka om ulike omgrep i teksten. Til slutt i økta samtalar ein om målet vart nådd.

**Lesekurs:** Metode for å hjelpa elevar som strevar med lesinga, med avkodinga eller forståing. Vert organisert på dei ulike einingane, og bør starte så tidleg som råd for å førebyggje vidare vanskar.

**Djupnelæring:** Å læra noko så godt at du forstår samanhengar og kan bruke det du har lært i nye situasjonar.

**Tverrfagleg:** Samarbeid på tvers av skulefag.

**Omgrepshus:** Eit form for nivådelt omgrepskart med ein modell av eit hus der ein skriv eller teiknar eit omgrep. Gjennom dialog med elevane skriv ein på eller teiknar ord som hjelper elevane til å utvide forståinga av ordet.